

**Den fyrste utgåva av avisa Sunnhordland sitt sommarmagasin kom til alle husstandane i regionen i dag. Heile fire sider handlar om Rabben Feriesenter og camping som aldri går av moten.**

Over ei dobbel side møter vi Anne Gro Eike frå Odda som sit i stranda på Rabben med ei god bok og seier: Det kunne ikkje vore betre I bakgrunnen ser vi Øyro Marina og Flatholm. Artikkelen og bileta er god reklame for turistbygda Uskedalen.

Av det vi kan sjå av innhaldet med fiske i elva er teksten skriven for eit år sidan. Gamalt og nytt naustmiljø i elvosen tek seg fint ut. Eit klassisk motiv er Rabben Feriesenter med Englafjell og Ulvanåso i bakgrunnen.

I Sommmarmagasinet finn vi i tillegg ein godt synleg annonse om Festidalen 2012. Av 20 båthamner/gjestekaiar i Sunnhordland er Uskedal Båtlag og Øyro Marina på lista med informasjon.

Tekst: Kristian Olav Bringedal  
Foto: Henrik Mundal Andreassen